

Saksbehandlar: Jon Tvilde
Sak nr.: 20/3911-13

Sogndal kulturhus - drift og investeringar

Rådmannen rår komité for samfunnsutvikling til å gje slik tilråding:

Komité for samfunnsutvikling rår formannskapet til å gje slik tilråding:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

Frå 1. mai 2021 vert Sogndal kulturhus ein del av kulturadministrasjonen i kommunen. Kommunestyret vedtek slike rammer for verksemdoverdraginga:

1. Målsettingar

o Kulturhuset skal utviklast som ei kulturell storstove både for regionen og eigne innbyggjarar, og slik gjera huset til ein naturleg samlingsplass.

o Kulturhuset skal vektleggje arbeidet mot lokale lag og organisasjonar for å auke den lokale aktiviteten på kulturhuset.

o Kulturhuset og kulturadministrasjonen skal vera ei drivkraft- og kompetansesenter i å skipa til ulike framsyningar både i- og utanfor kulturhuset.

o Kulturhuset skal styrke oppgåva som regionalt kulturhus gjennom å utvikle nærare samarbeid med institusjonar nasjonalt og regionalt, med mål om fleire gjestespel og regionale produksjonar. Det skal etablerast fleire og nye kulturuttrykk, som dans og visuell kunst, som ein del av kulturhuset sitt tilbod.

o Kulturhuset skal halde fram å drive ein god kino, med variert filmtilbod, også kvalitetsfilmar med smalare publikumsappell.

o Kulturhuset skal gjennom forpliktande samarbeid og samskaping med bibliotek og kulturskule arbeide for nye og fleire tilbod som når nye målgrupper, og der inkludering vert vektlagt.

2. Drift

Det vert oppretta eit nytt ansvar for drift av kulturhuset *751 Sogndal kulturhus*. Det vert vedteke ei netto driftsramme på kr 825.000 med tilsvarande reduksjon i FDV-tilskot frå *Teknisk drift ansvar 635 Sogndal kulturhus*.

Ei naudsynt driftsramme for å sikre drifta på dagens nivå er i denne saka vurdert til å vere ei netto løyving på kr 1,3 mill. på årsbasis, dvs. auke på kr 500.000 ramma som vert avsett her. Det er lagt opp til å innarbeide slik auke i driftsramme med tilhøyrande finaniering i samband med 1. tertial/ budsjettrevisjon.

Det skal i samband med 1. tertial/ budsjettrevisjon bli teke stilling til ytterlegare auka budsjettramme til nye kulturtiltak i samsvar med tilråding frå arbeidsgruppa.

3. Investeringar

Skissert investeringsramme og finansiering av denne i denne saksutgreiinga vert lagt til grunn for vedtak om investeringar i kulturhuset. I samsvar med vedtak for budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024 vert investeringsramme fastsett i 1.tertial/budsjettrevisjon, ev. i seinare budsjettvedtak.

Det vert vedteke ei netto ramme på kr 200.000 til planlegging av investeringar, slik at planarbeid kan halde fram, og at ombygging av 2. etasje ikkje stoppar opp. Finansiering vert gjort med lån. Bakgrunn for dette er at budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024 føresett at planarbeid skal halde fram, men utan at det er avsett midlar til arbeidet.

Vedlegg

- Vedlegg 1 Notat frå BDO av 12.11.20, Budsjett 2021 Kulturhusdrift
Med vedlagd e-post med detaljert budsjettoppsett for kulturhusdrift
- Vedlegg 2 Norconsult – notat kalkyle, kostnadskalkyle ombygging 2. høg (to dokument)
- Vedlegg 3 Sogndal kulturhus – innstilling frå arbeidsgruppa
- Vedlegg 4 Søknad, teikningar og kalkyle Blaoboxen (samledokument)

Andre relevante dokument i saka:

Utviklingsplan
Søknad Vestland fylke – Kulturelt utviklingsprogram (KUP)
Rapport Sogndal kulturhus - korleis møte framtida?
Sogndal Kulturhus AS Rekneskapsrapport 05 - 06 2020
Protokoll ungdomsråd, kulturråd

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Kommunestyret har vedteke at Sogndal kulturhus skal organiserast som ein del av kulturadministrasjonen i kommunen. Denne endringa er planlagt frå 1. mai 2021.

Etter kommunestyret sitt vedtak om kommunal drift i juni 2020, har ei brei samansett arbeidsgruppe lagt fram ei grundig innstilling. Denne saka byggjer langt på veg på denne utgreiinga.

Saka skal gje kommunestyret grunnlag til å fastsetje målsettingar for kulturhusdrifta. Måla seier korleis kulturhuset skal fylle rolla si både som eit regionalt- og lokalt kulturhus.

Kommunestyret må òg vedta naudsynte driftsrammer for kulturhuset. I saka er det vist til eit behov for ei rammeløyving på kr 1,3 mill. på årsbasis for å sikre drift på dagens nivå. Ca kr. 0,8 mill. kan finansierast ved FDV-tilskot som vert overført frå kommunen til Sogndal kulturhus. Denne overføringa fell no vekk. Netto auke i kostnader for kommunen vert etter dette ca kr. 0,5 mill. på årsbasis. Innstilling frå arbeidsgruppa gjer framlegg om auka rammer til kulturaktivitet ut over dette. I denne saka er det likevel lagt til grunn at samla budsjettammer ikkje vert auka før i 1.tertial/budsjettrevisjon. Vi vil då ha eit eit betre grunnlag for å vurdere finansiering av behova i kulturhuset opp mot kommunen sin samla økonomi.

I saka er det også gjort greie for trong for investeringar. Det er skissert at Sogndal opplæringscenter sine undervisningslokale i 1. høg vert flytta opp der NAV held til i dag. Blaoboxen skal behalde si fleksible rominndeling, men verta reservert for kulturføremål og bli tilrettelagt som permanent klubbscene. I 2. høg vert det undervisningslokale, galleri og ev. dansesal i det største klasserommet, i tillegg til kontor.

I tråd med vedtak i budsjett vert planarbeid gjennomført medan fastsetting av eksakte rammer for investeringar vert vurdert og sett i samheng med kommunen sin samla økonomi i 1. tertial og budsjettrevisjon. Det er likevel tilrådd å tildele ei ramme på kr 200.000 til detaljert planlegging av første steg med ombygging i 2. etasje, i tråd med intensjonen i budsjettvedtaket, og slik at dette arbeidet ikkje stoppar opp.

I 2021 fyller Sogndal kulturhus 30 år. Når kommunestyret vedtek tydelege og djerve mål, frigjer meir areal til kultur og etter kvart styrker driftsrammene for drifta, vil dette gje kulturhuset eit godt utgangspunkt for at kulturhuset utviklar seg som kulturell storstove både for regionen og egne innbyggjarar.

2. Bakgrunn for saka

2.1 Grunnen for at saka er fremja

Meininga var at denne saka skulle handsamast i november. Men då komité for samfunnsutvikling ba om ytterlegare utgreiingar vart saka utsett. For å gje ei samla framstilling har rådmannen prøvd å samla alle tilhøve i ei sak, slik at det som kom fram i den saka som vart utsett, og er med i denne saksutgreiinga.

2.2 Historikk - tidlegare vedtak

1. Styret i Sogndal Kulturhus AS leverte i april 2020 «Rapport Sogndal kulturhus – Korleis møte framtida?» Rapporten var eit svar på eit prioritert vedtak i kommunen sin økonomiplan, under 10 på topp:

«Vi skal vidareutvikle Sogndal kulturhus som eit framtidsretta kulturhus for regionen».

To hovudspørsmål står sentralt i rapporten, korleis skal kommunen som eigar av kulturhuset løyse ein svært stram økonomi. Rapporten inviterer òg kommunen til å avklare kva selskapsstruktur som er best for kulturhusdrifta.

2. Rapporten vart handsama i komité for samfunnsutvikling 19. mai og kommunestyret 18. juni 2020 - sak 42/2020.

Kommunestyret gjorde slik samrøystes vedtak:

1. *Kommunestyret ønskjer å styrke Sogndal kulturhus som ei kulturell storstove for Sogndal kommune og regionen elles. Sogndal kulturhus skal vere ein naturleg samlingsplass for innbyggjarane våre.*
2. *Sogndal kulturhus skal organiserast som del av kulturadministrasjonen i kommunen*
3. *Kommunestyret føreset at det vidare arbeidet vert gjort i tett og god dialog med styret og dei tilsette i Sogndal Kulturhus AS.*
4. *Utviklingsplan skissert i notat frå tenesteleiar vert lagt til grunn for å søke eksterne midlar til akustiske utbetringar og utviklingstiltak hausten 2020.*
5. *Kommunestyret ber rådmann leggje fram ei sak til andre kommunestyremøte hausten 2020 der*
 - *aktuelle leigetakarar og brukarar av huset vert omtala*
 - *aktuelt kulturinnhald vert presentert*
 - *økonomiske konsekvensar vert gjort greie for*
6. *Det vert sett ned ei ad-hoc gruppe som arbeider vidare med saka, med følgjande samansetning:*
 - a. *Styreleiar Kulturhuset*
 - b. *Dagleg leiar i Kulturhuset AS*
 - c. *Biblioteksjef*
 - d. *Rektor for kulturskolen i Sogndal*
 - e. *Leiar av Kulturrådet i Sogndal kommune*
 - f. *Representant frå Ungdomsrådet i Sogndal kommune*
 - g. *Leiar av Komité for samfunnsutvikling (eller den leiar peikar på)*
 - h. *Leiar Sogndal innvandrarråd.*
7. *Administrasjonen syter for sekretær for gruppa.*

3. Om arbeidsgruppa sitt arbeid, sjå vedlegg 3:

Arbeidsgruppe og arbeidsform

Arbeidsgruppa har hatt slik samansetjing:

- Leiar av Komité for samfunnsutvikling, Kristin Rundsveen, som òg har leia arbeidet i gruppa
- Styreleiar i Sogndal kulturhus AS, Aage Engesæter
- Kinosjef Tor Uglum (Karoline Eggum Lerum, kulturhuset, har og delteke i dei fleste møta)
- Biblioteksjef, Anita Bergseth
- Rektor for Sogn kulturskule Roar Sandnes
- Leiar av Kulturrådet i Sogndal kommune, Christoffer Knagenhjelm
- Representant frå Ungdomsrådet i Sogndal, Idunn Auestad (i eitt møte har og leiar i ungdomsrådet Kornelis Haugen delteke)
- Leiar for innvandrarrådet i Sogndal, Tuba Ardic

Frå administrasjonen har Therese Espeland vore sekretær i møta. Det føreligg interne arbeidsnotat frå kvart møte. Tenesteleiar Jon Tvilde har ført innstillinga i pennen på vegne av arbeidsgruppa. Både to har delteke i arbeidsgruppa sine møte.

Arbeidsform:

Arbeidsgruppa har hatt slike møte:

- 19. juni – oppstartsmøte i arbeidsgruppa
- 18. august
- 2. september
- 15. september – ferdigstilling av arbeidsgruppa si innstilling
- Etter 15. september oppdaterte administrasjonen innstillinga, i nært samarbeid med styreleiar og leiar av arbeidsgruppa. Deretter gjekk innstillinga ut på ein nettbasert godkjeningsrunde. Denne vart avslutta 28. september.

Arbeidsgruppa har arbeidd med knappe tidsfristar. Ein del spørsmål kring økonomi vil bli avklara i regi av kommunen.

4. Komité for samfunnsutvikling handsama saka i sitt møte 20.11.2020 og fatta dette vedtaket:

Kommunestyret ser at det er sett ein frist, men at dette kan vere krevjande for administrasjonen. Det manglar nokre bitar i det økonomiske puslespelet som må vere på plass før saka kan handsamast i kommunestyret. Kommunestyret ber administrasjonen om å belyse dei direkte økonomiske konsekvensane av verksemdsoverdraginga.

Det er også viktig at kommunen som arbeidsgjevar er ryddig overfor dei tilsette som har arbeidsplassen sin i kulturhuset.

Kommunestyret har vedteke at planarbeidet for investeringar skal halde fram og bli fremja som sak i kommunestyret i samband med 1. tertial og budsjettrevisjon. Driftsbudsjettet er så langt vedteke utan endring i rammer, og utan at det er oppretta eige ansvar for drift av kulturhuset.

2.3 Sentrale problemstillingar

Nærare om vidare saksutgreiing:

Innleiingsvis gjer saka greie for arbeidsgruppa si innstilling, som svar på kommunestyret sitt mandat pkt. 5;

«aktuelle leigetakarar og brukarar av huset vert omtala» og «aktuelt kulturinnhald vert presentert».

Oppsummering av dette punktet er å finne i framlegg til vedtak, pkt. 1 målsettingar.

Deretter gjennomgår saka nest punkt i mandatet:

«-økonomiske konsekvensar vert gjort greie for».

Denne delen vert delt i to, drift og investeringar.

2.3.1 Aktuelle leigetakarar og brukarar av huset, og aktuelt kulturinnhald.

Arbeidsgruppa drøftar og kjem med framlegg til desse punkta i deira innstilling, kapittel 4 og 5. Det vert vist til vedlegg 3 Sogndal kulturhus – innstilling frå arbeidsgruppa. Her kjem eit samandrag.

Innstillinga drøftar og gjennomgår tema som kulturell storstove, korleis nå grupper som ikkje er kulturaktive, biblioteket og kulturskulen sin plass, forholdet til Sogndal opplæringscenter, internt samarbeid på kulturhuset, lokale lag og organisasjonar, leigeprisar og legevilkår, ungdom, profesjonelle leigetakarar og næringslivet som leigetakarar.

Med dette bakteppet vert kulturhusdrifta vurdert langs to dimensjonar; oppgåva og funksjon som regionalt kulturhus og den rolla kulturhuset har som ein del av det kommunale kulturtilbodet.

Funksjon som regionalt kulturhus

Sogndal kulturhus er eit regionalt kulturhus. Det inneber at det skal formidlast kulturtilbod retta mot brukarar i fleire kommunar, og som desse alternativt må reise til sentrale strok for å oppleve. Det heiter i fylkeskommunale retningsliner for slike arenaer at tilbodet skal ha regional verdi, og at dette heng saman med geografi og/eller arenaen sin funksjon. I Vestland fylkeskommune er Sogndal kulturhus rekna som eit regionalt kulturhus.

Når det gjeld kulturhuset som lokalt kulturhus, seier arbeidsgruppa dette:

«Skal kulturhuset vera eit kulturell storstove må kulturhuset i større grad presentere lokal kultur og lokale arrangement enn i dag. Mangel på kulturareal, manglande økonomiske virkemiddel og for lite produksjonsressursar har gjort ei slik satsing vanskeleg. Vert denne innstillinga følgd opp m.a. med Blaoboxen som eit permanent kulturlokale, vil dette kunne betra seg.»

Rådmannen har i denne saka angst på veg lagt opp til at arbeidsgruppa sine framlegg vert gjennomført. Seinare vil ei ev. auke i driftsrammer bli handsama i samband med 1.tertial/budsjettrevisjon. Gjennom ei ev. styrking av driftsrammene vil kulturhuset kunne vera ei drivkraft får å lage fleire lokale framsyningar i- og utanfor kulturhuset. Arbeidet under overskrifta «å vera ei kulturell storstove» er og viktig, der kulturhuset har og kan få eit auka tilbod som inviterer til opphald, utan at det er knytt til ei tilskipping eller ein kino.

Det viktigaste tiltaket for å nå desse måla no er å reservere Blaoboxen for kulturføremål, og gjera nokre mindre endringar i denne. Samstundes ser rådmannen at det òg er mogeleg å realisere galleri og dansesal i 2. etasje. Tiltaket vert omtalt nedanfor.

2.3.2 Driftsmessige konsekvensar når Sogndal kulturhus vert del av kulturadministrasjonen

BDO har på oppdrag frå kommunen gjennomgått konsekvensar av at kulturhuset skal drivast i kommunal regi (vedlegg 1). Framstillinga nedanfor byggjer på deira utgreiing. Før det nokre generelle avklaringar og problemstillingar:

2.3.1.1 Ansvar

Kulturavdelinga er en del av kommunalsjefsområdet Plan og samfunn. I Kultureininga vert det oppretta eitt nytt ansvar heitande 751 Sogndal kulturhus. Under dette ansvaret vert det oppretta slike tenester, 3730 Sogndal kino, 37710 Utleige til profesjonell scenekunst, 38510 Kulturaktivitetar og 38610 Kulturhusdrift.

Slik vil budsjett og rekneskap følgje desse ulike resultatområda. For detaljar sjå BDO sitt notat. Dette må sjåast som ei orientering til kommunestyret.

2.3.1.2 Kan deler av drifta halde fram som aksjeselskap?

Det har vore reist spørsmål om det vil vera ein fordel om deler av drifta held fram som aksjeselskap (AS). BDO har vore i kontakt med andre kommunar med kulturhus som Bærum, Færder og Risør. Alle har alle deler av kulturhusdrifta i kommunal regi. Eit ev. aksjeselskap t.d. for kiosk og anna sal må i tilfelle drivast etter aksjelova, og slik ha sin daglege leiar og styre, eige rekneskap osv.

Rådmannen sin konklusjon er klar, eit AS som ein del i ei kommunal kulturhusdrift, vil gjera drifta uoversiktleg og meir arbeidskrevjande, og vert såleis ikkje tilrådd.

2.3.1.3 Utleige og utleigeprisar

Til no er det få regler knytt til utleige av kommunale lokale. Formålet med kommunen sin utleige i kulturhuset er ikkje økonomisk overskot, men at utleiga skal bidra til å dekkja andre kostnader i kulturhuset. Kulturadministrasjonen vil seinare lage utkast til utleiereglar/-prisar for bruk av kulturhuset. Saka vert først fremja for komité for samfunnsutvikling før endelege vedtak i kommunestyret, som ein del av prisheftet.

Dette punktet må òg vurderast i samanheng med framlegg til vedtak i sak om frivilligpolitisk plattform. Der heiter det at rådmannen skal fremja:

sak om retningslinjer for lån og leige av kommunale lokale til lag, organisasjonar og eigenorganisert aktivitet. Saka skal særskilt vurdere om bruk av kommunale bygg til organisasjonsarbeid skal vera gratis, og omhandle særskilde vilkår for Sogndal kulturhus og Sognahallen.

2.3.1.4 Vedlikehald og reinhald

Det har vore reist spørsmål om kommunal drift vil krevje omlegging av reinhald og FDV (forvaltning, drift og vedlikehald). Det er førebels lagt opp til å vidareføre oppgåvedeling som har vore tidlegare der delar av reinhald og vaktmeistertjenester vert utført av tilsette i kulturhuset og ikkje teknisk drift. Dette er gjort då det gjev fleksibilitet og gjer det enklare å fylla stillingar med arbeidsoppgåver samla sett.

2.4 Driftsrammer for 2021

Nytt ansvar på 751 Sogndal kulturhus

Saksframstillinga byggjer på BDO si utgreiing, vedlegg 1 som viser følgjande oppsett:

Tekst	3730 Sogndal kino	37710 Proffesjonell scenekunst	38510 Sogndal kulturhus	38610 Kulturhus-teknikk	Sum
Inntekter	5 548 000	165 000	502 000	500 000	6 715 000
Sum inntekter	5 548 000	165 000	502 000	500 000	6 715 000
Lønn & sos.utg	1 301 000	584 000	1 614 000	301 000	3 800 000
Varer & tjenester	2 297 000		190 000		2 487 000
Andre utgifter	1 054 000	65 000	588 000	56 000	1 763 000
Sum utgifter	4 652 000	649 000	2 392 000	357 000	8 050 000
Netto utgift	-896 000	484 000	1 890 000	-143 000	1 335 000

Tabell 1:Utkast til fordeling av netto driftsramme, uten eventuelle tiltak fra arbeidsgruppa for fremtidig utvikling av Sogndal kulturhus. Budsjettpostene fordeles nærmere på konti i kommunebudsjettet.

Utgangspunktet er budsjett 2020 for Sogndal kulturhus AS, dvs. i eit normalår. Budsjettet tek ikkje omsyn til konsekvensar av pandemien. Slik vert den fyrste oppstillinga nedanfor ei naudsynt endring i driftsrammene i eit normalt driftsår. Oppsettet viser trong for ei netto ramme på ca. 1,335 mill. for eit budsjettår.

Verknader for kommunen samla sett.

I oppsett frå BDO er ikkje inntekter i form av FDV tilskot på kr 825.000 frå Teknisk drift teke inn i oppsettet for kulturhusdrift. Då det vert lagt opp til ei vidareføring av oppgåver som tilskotet skal dekke, vert dette då ei netto innsparing på Teknisk drift med kr 825.000.

I oppsettet frå BDO er både inntekter og kostnader til husleige for Norskopplæring på kr 620.000 teke ut av kulturhusdrifta, og vil etter dette gå direkte mellom Norskopplæring og Teknisk drift. Dette vil ikkje påverke netto resultat for kommunen.

Etter oppsettet frå BDO og med fråtrekk av FDV-tilskot vil dette gje ei netto auka kostnad for kommunen på ca. 500.000 for eit budsjettår, dvs. for å vidareføre ein basis drift av kulturhuset.

Sjølve verksemdsoverdraginga vil gje noko auke i lønskostnader, primært grunna overgang til kommunale vilkår/pensjonsordningar, men samstundes gje reduksjon i styrehonorar, rekneskaps- og revisjonskostnader. Dette er vurdert å utgjere ei netto auke på ca. kr 200.000 på årsbasis. Den resterande auken ligg i ein noko meir nøktern/reell inntektsvurdering. Dette er rimeleg ut frå den situasjonen Kulturhuset AS har vore i dei seinare åra med vanskar å balansere drifta.

Då det er lagt opp til verksemdsoverdraging frå 01.05.2021 kan det vere grunnlag for noko mindre endring, høvesvis kr 350.000 i 2021.

Det er med dette, og så langt, ikkje lagt opp til å gjere budsjettendring i denne saka som aukar drifta samla sett. Slike endringar finn rådmannen det rett å ta opp i samband med 1. tertial og budsjettrevisjon. Vi vil då ha eit betre oversyn over kulturhusøkonomien og kan vurdere finansiering av driftsramme opp mot kommunen sin samla økonomi.

Det vert i denne saka difor berre tilrådd å gjere intern budsjettjustering utan netto verknad for driftsbudsjettet til kommunen, ved at det vert oppretta eit nytt ansvar *751 Sogndal kulturhus* med netto driftsramme på kr 825.000 med tilsvarande reduksjon i FDV-tilskot frå Teknisk drift ansvar *635 Sogndal kulturhus*.

Auka driftsrammer – ny kulturdrift

For å nå målsettingane som er føreslege for kulturhuset ber arbeidsgruppa om auka rammer til ny kulturdrift Dette kjem i tillegg til rammene for å oppretthalde noverande drift i førre punkt. Arbeidsgruppa fremja slik innstilling:

Arbeidsgruppa ber om ei styrking av driftsøkonomien til kulturhuset med ei opptrapping over 2 år, slik:

- Driftsrammene for kulturhuset vert styrka med kr 500 000 frå 2021 aukande til 1 000 000 frå 2022, med slik fordeling:
 - Kr 100 000 til drift av Blaoboxen i 2021 – aukande til kr 200 000 frå 2022
 - Kr 100 000 til drift av galleri i 2021 – aukande til kr 200 000 frå 2022
 - Kr 150 000 som ramme til eigenproduksjonar – aukande til kr 300 000 frå 2022
 - Kr 150 000 til ei garantiordning for lokale tilskipingar, aukande til kr 300 000 frå 2022.

Rådmannen meiner at ei styrking av drifta til kulturhuset er naudsynt for å nå desse måla, men samstundes at også desse tiltaka må vurderast opp mot kommunen sin samla økonomi i 1 tertial/budsjettrevisjon.

Investeringar

Naudsynte investeringar må gjerast i to etappar.

Når NAV flyttar ut av lokala i 2. etasje skal desse lokala byggjast om for å gjera plass til Sogndal opplæringscenter. Deretter skal Blaoboxen byggjast om. Sidan siste handsaming i komité for samfunnsutvikling har Norconsult utarbeide ei kalkyle for ombygginga i 2. etasje(vedlegg 2).


Dei samla kostnadane er oppstilt i tabellen nedanfor. Denne syner at ombygginga inkludert PA(musikkanlegg) har ei brutto ramme på kr 9,0 mnok. Til fråtrekk kjem momskompensasjon og tilskot, slik at netto investeringskostnad er kr 5,8 mnok. Seinare kan det koma ytterlegare tilskot slik tabellen syner, slik at netto investeringsramme er kr 3,4 mnok.

Investeringar Sogndal kulturhus

Bygningmessige tiltak	2021	Merknad
Ombygging Sogndal kulturhus 2. etasje	2 091 500	Startar når NAV flyttar vår 2021
Ombygging Blaoboxen og kinosal 3	3 307 000	Startar når undervisninga flyttar opp
Blaoboxen framføringsanlegg(PA), ljøs og AV	1 800 000	Etter ombygging av Blaoboxen
Meirverdiavgift	1 799 625	
Brutto kostnad	8 998 125	

Oppnådd finansiering	2021	Merknad
Kulturrom tildelt ombygging Blaoboxen til akustisk forprosjekt	- 28 500	Tildelt
Tildelte spelemidlar Ombygging Blaoboxen 2020	- 750 000	Tildelt ESA 20/9022
Meirverdiavgift kompensasjon	- 1 799 625	
Ombygging Blaoboxen og kinosal 3 - løyving frå kulturrom	- 600 000	Tildelt
Sum finansiering	- 3 178 125	
Netto kostnad (kan reduserast ved ytterlegare finansiering)	5 820 000	
Mogeleg ytterlegare finansiering		
*Søknad Kulturrom - Blaoboxen framføringsanlegg(PA), ljøs og AV	- 900 000	Kjem truleg i 2022
*Utbetaling - Spelemidlar Blaoboxen 2021	- 1 500 000	Søknad vert å senda i 2021
Sum	- 2 400 000	
Netto kostnad ved positive vedtak søknader*	3 420 000	

Her er skissert planløyising for 2. etasje. Ei breitt samansett arbeidsgruppe er i gang å detaljere dette:



Kommentar planløyising 2. høgde:

Klasserom 1 er prosjektert med dansegolv og speglar og kan ved sambruk brukast som dansesal på kveldstid. Areal 5, som ikkje kan nyttast til verken kontor eller klasserom grunna manglande vindauger, er prosjektert som galleri og prosjektrum.

Prosjektor er finansiert gjennom løyving i budsjettet for 2021.

3. Vurderingar og konsekvensar

Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Sjå over.

Rettslege konsekvensar

Ikkje relevant.

Personalpolitiske konsekvensar

Konsekvensar for tilsette i kulturhuset (omtalt i eige notat).

Plankonsekvensar

Ikkje relevant.

Klima- og miljøkonsekvensar

Ikkje relevant.

HMT

Sjå over.

Andre konsekvensar: integrering, mangfald, likestilling, universell utforming e.l.

Ivareteke.

4. Konklusjon

Kommunestyret gjorde i sak 42/20 vedtak om at Sogndal kulturhus skulle bli ein del av kulturadministrasjonen i kommunen. Kommunestyret gav vidare i sak 100/20 om Verksemdoverdraging Sogndal kulturhus AS ordførar mynde til avvikling av Sogndal kulturhus AS. Denne prosessen er i gang og avvikling vert formelt gjennomført 01.05.2021. I denne saka vert rammer for verksemda vurdert, og det vert lagt føringar for arbeidet med verksemdoverdraging og arbeidet fram mot endeleg avklaring av budsjetttrammer i samband med 1. tertial/budsjettrevisjon.